



forum for  
natur og friluftsliv i  
Sogn og Fjordane

NVE

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Leikanger 10.11.2014

Saksnummer:

201301918

## **Høyringsfråsegn til søknad om planendring for ny trase 132 kV Feios – Hove nettilknytning av Feios kraftstasjon i Vik kommune, Sogn og Fjordane.**

Forum for natur og friluftsliv sender høyringsfråsegn på vegne av Sogn og Fjordane Turlag ved Naturvernutvalet og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Vi viser til søknaden lasta ned frå internett og folkemøte i Vik 6.mai. Fråsegna vår er basert på sakspapira, informasjon frå folkemøtet i Vik og frå Vik turlag, info henta frå internett og på egne vurderingar og kjennskap til området. Vi viser til tidlegare fråsegn i saka datert 07.06.2013.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal i oktober: 6.081. 132 kV Feios – Hove ligg i i Vik turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://vik.turistforeningen.no/>

### **Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er medlem av Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn han toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

### **Om friluftsliv i det aktuelle området:**

Viktige ruter:

- Tenold – Varpe (Skorge) – Kalbakk
- Åfet – Kalbakk
- Vangsnes – Kalbakk
- Vangsnes – Kalbakk – Skorge (Sjå tur 07-04 i boka Opptur Sogn og Fjordane, Anne Rudsengen/Finn Loftesnes)

Nye merka ruter:

- Tveit – Kalbakk
- Djuvik – Kongshaug

- Endresete – Kvitenjuk
- Melsgjelet - Gullsete

Området Skorge - Kalbakk – Åfet er eit mykje brukt turområde. I fjor ble det merka fleire nye turstier etter ny nasjoanl standard. Det er og ulike ruter opp til fjellet Rambera frå dei tre bygdene rundt. Her vil ein krysse eller sjå ned på linja.

NB!:

Stølsområda er ofte populære turmål. Estetiske og gode tilpassingar rundt dei gamle stølane og de verdfulle naturområda nær desse er viktig.

### **Om utbyggingsplanane, utgreiingar og alternativ:**

Vi saknar framleis ein utgreiing om transformatorstasjon i fjell.

Då bl.a transformatorstasjon i fjell er eit sterkt ønske og ei god løysing av omsyn til landskap meiner vi dette alternativet burde vore betre vurdert og sett som eit reelt alternativ i søknaden. Fleire anlegg i regionen har transformatorstasjon i fjell, og det er såleis lite tillitvekkande at dette vert avfeid som eit HMS-spørsmål utan løysing. Det betyr at fire-fem nybygde transformatorstasjoner i fjell i regionen straks må byggast om, bl.a Kjosnesfjorden i Jølster kommune og Eiriksdal i Høyanger kommune. Er dette tilfelle?

Lina vil gå høgare i fjellet over Flatafjellet, men om ein kan legge lina noko aust for ryggen opp til Flatafjellet frå Håstrondi, slik at fjellryggen her vert høgst terrenget kan dette gjerne gjere lina mindre dominerande i høg fjellet, og truleg minske INON-tapet noko.

### **Naturmangfold, flora og fauna i området:**

Feltarbeid 22. november i høve terrestrisk flora fauna utelukkar funn av mange artar. Vi merkar oss kommentaren om at det skal vere eit visst potensial for nye funn av raudlista artar av lav, sopp og mose innanfor tiltaksområdet til Feios kraftstasjon. Dette vil då også kunne gjelde for Feios transformatorstasjon.

Vi meiner generelt at feltarbeid innan desse tema bør skje om vår, forsommar og sommar for å sikre at gode tilhøve for funn er tilstades, inkl rimeleg tid til rådvelde.

Der lina ser ut til å gå opp frå Håstrondi, vi saknar betre kartgrunnlag for å vurdere dette skikkeleg, er det ein lokalitet Hundsåi, med id BN00042737 som er sett til svært viktig. Den har funn av sårbare raudlisteartar: <http://faktaark.naturbase.no/naturtype?id=BN00042737>

Svært viktig

Naturtype: gammel boreal lauvskog

Utforming: gammel ospeskog

Lokaliteten ligg mellom Vangsnes og Feios, heilt inntil den gamle kommunegrensa mellom Vik og Leikanger (på Vik-sida av ho). Medan det mot Feios er store og tette granplantefelt, er det mest intakt, naturleg eldre lauvskog på Vangsnes-delen. Det er gjennomgåande lite daude tre og biologisk svært gamle tre, noko som vitnar om høgare utnyttingsgrad tidlegare. Opp langs grensebekken Hundsåi er det noko frodigare skog med innslag av høgstaudeskog med ein del gråor, selje m.m. I tillegg er det på ryggen på vestsida av denne ein del osp. Bjørk er likevel dominerande treslag. Ned mot vegen er det også nokre hasselkratt og litt svakt utvikla varmekjær vegetasjon, m.a. med ganske godt utvikla lungenever-samfunn. Her vart artar som buktporelav og rund porelav funne, samt to funn av kystnever. På osp vart det langs bekken ein stad også funne den raudlista arten olivenlav (Sårbar). I øvre del av lokaliteten har det tidlegare stått ei sjeldent grov og stor osp. Den falt ned for nokre år sidan og no veks det m.a. raudlistearten kvit vedkorallsopp (Sårbar) på den (LN 7643 8135). Av marklevande sopp vart det funne ein stor Phlegmacium-slørsopp under bjørk, truleg ein lærslørsopp-art. Det kjem opp ein del smågran frå dei store granfelt i aust. Lokaliteten får verdi svært viktig (A), både fordi eit par raudlisteartar er påvist, og fordi det er snakk om eit litt større område med til dels frodig, gammel lauvskog. Forslag til skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la all lauvskogen få stå i fred for inngrep, inkludert hogst. Til

gjengjeld er det heilt naudsynt at all granforynging vert fjerna, og sidan det er tydeleg at grana her kan spreie seg ganske langt, bør mykje av dei store granplantefelta aust for lokaliteten hoggast vekk i løpet av få år, slik at spreinga herifrå vert stogga .

Totalareal 30 da.

Kilder

Navn	År	Tittel	Lenke	Kildetype
Gaarder, Geir				Feltundersøkelser



Kartgrunnlag: [Kartverket](#), [Geovekst](#) og [kommuner](#)

Kilde. Fylkesatlas Sogn og Fjordane, feltkilde: Geir Gaarder.

Lokaliteten bør undersøkast med tanke på fauna og fugl inkl. hekkeplassar om ein ikkje har nye og gode data for dette.

Her er to slike lokalitetar, men den vestre reknar vi med ikkje kjem i konflikt med tiltaket:



**Konklusjon:**

Det må vere avgjerande viktig at også val av plassering og utforming av transformatorstasjon og linjetrase vert gjeve på dei vilkår som gjev minst negative konsekvenser for landskap, naturmangfald og friluftsliv. Lokaliteten Hundsåi bør ein unngå inngrep i og reduksjon av areal.

I utgangspunktet da første konsesjonssøknad for Feios vart lagt fram, vart det lagt vekk på at dette skulle vere ein miljøvenleg utbygging med lite inngrep. Det utgangspunktet bør framleis ligge til grunn for løysingar som vert valgt no, både for transformatorstasjon og linjetrase.

Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
Koordinator, sakshandsamar



Sogn og Fjordane Turlag  
Ron Overdevest  
Naturvernutvalet, leiar



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Marit Vøien Nes, leiar